



## Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
32/19	Forvaltningsstyret	25.06.2019

## Høring av friluftsområder i Lesja

### Rådmannens innstilling:

1. Forvaltningsstyret tar arbeidet med friluftslivskartlegginga til orientering.
2. Forvaltningsstyre sender kartlegging av friluftsområder til høring med frist 30 dagar. Høringa er ope for alle, men sendas spesielt til grendelag og frivillige lag og organisasjonar, fjellstyre og nasjonalparkstyra.
3. Lesja kommune ynskjer spesielt attendemelding på avgrensing av friluftsområda, om dei er store nok og om det er område som er utegløymt. Kartlegginga har kun fokus på friluftsliv og skal kun vurdere dette omsynet.

Heidi Skaug  
rådmann

### Bakgrunn:

Klima - og miljødepartementet starta i 2014 eit fleirårig prosjekt for å stimulere til kartlegging av friluftslivsområder i heile landet. Målet er at kommunens viktigaste områder for friluftsliv er kartlagt og verdsatt innan 2018, men prosjektet er forlenga til å gjelde også i 2019. (jf. *Handlingsplan for friluftsliv*).

Oppland fylkeskommune har i brev av 17.april 2015 invitert kommunane i Oppland til å delta i eit fleirårig prosjekt med formål å **kartlegge og verdsette kommunens områder for friluftsliv**.

Bakgrunnen for prosjektet er å nå det nasjonale målet om at **alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv**. Det er derfor viktig å ivareta eit bredt spekter av områder med ulike kvaliteter. Som ledd i dette arbeidet skal friluftsområder kartleggas og vurderas med omsyn på kvalitet og verdi.

**Heile kommunen skal kartleggas**, både friluftslivsområder i sentrumsområder, boligfelt, samt naturen elles. Resultata skal leveras til Miljødirektoratets Naturbase. Dette er ei kart og informasjonsbase som vert brukt nasjonalt av alle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn med fleir, ei ope løysing for alle med kvalitetssikra kunnskap. På denne måten vert dette eit kartsett vi som kommune må og skal bruke i saksbehandlinga vår og som skal gje verdigfull

informasjon. **Kartlegginga skal ikkje veie friluftsliv mot andre interesser** eller ta omsyn til administrative eller planmessige forhold. **Kartlegginga skal kun fokusere på friluftsliv.**

Kartlegginga og verdsettinga er ein *fagkartlegging av friluftsiinteressene* i fylket, og skal gjennomførast etter metodikken i Vegleiar *M98-2013 Kartlegging og verdsetting av friluftsområder*. **Målet** med kartlegginga er å få kartlagt, verdsett og prioritert areal for friluftsliv i kommunen, og sikre god tilgang på relevant friluftslivsinformasjon både for kommunens eget arbeide og for eksterne parter.


Kartlagde friluftsområder er eit av dei tema som inngår i DOK (Det offentlige kartgrunnlaget). DOK er definert i plan- og bygningsloven § 2-1 og i kart- og planforskrifta, og er det datasett som skal leggas til grunn ved behandling av saker etter plan- og bygningsloven i kommunane. Kartlagde og verdsette friluftsområder er eit av dei obligatoriske datasetta.

### Friluftsliv i Lesja

Lesja har unike friluftslivsområde, og er av kommunens største ressursar for aktivitet og rekreasjon. Friluftsliv er viktig i Lesja, både for tilreisande og fastbuande. Det utøvas friluftsliv på store areal i kommunen, både innanfor og utanfor verna areal, til vanns og til lands.

Lesja har gjennom fleire tiår satsa på friluftsliv og hatt ein stor grad av frivilligheit og dugnadsaktivitet. I desember 2017 vart det oppretta ei prosjektstilling «på tur i Lesja» der det vart utgjeve ei ny turbrosjyre «På tur i Lesja». I forbindelse med turheftet vart det halde opne møter, og eigne møter med frivillige, lag, organisasjonar og enkeltpersonar.

**På bakgrunnen av desse møta i 2017 og 2018, kunnskap om areala og arealbruk, samt merka tur-, sykkel-, og skiløyper i Lesja har administrasjonen teikna inn eit forslag til friluftsområder i kommunen som er viktige. Der det kun er ein enkelt stig, vil ein ikkje kunne merke området som eit friluftsområde, ein må ha eit område som er brukt til fleire ting.**




Figur 1. Merka tur-, sykkel-, og skiløyper i Lesja kommune som ligg inne i kommunens kartverktøy og i kartverket.

## Kartlegginga

Alle friluftsområde er klassifisert i områdetype og klassifisert etter gjevne eigenskapar (sjå vedlegget kriterier for klassifisering).

Enkelt sagt kan ein si at kriteria for utval av områder er at dei skal vere sentrale friluftsområder som inneheld meir enn ein enkel sti eller løype. Til dømes strandsoner med badeplass og turdrag, eit tilkomstområde for fleire turstigar, kulturstigarr, leikeområder på skuler eller i bustadfelt.

## Oversikt over kartlagde friluftsområder i Lesja kommune



Figur 2. Oversikt over forslag til friluftsområder i kommunen.

For meir detaljerte kart med nummerering sjå vedlegg i saken.

Tabell 1. Oversikt over kartlagte friluftsområder innenfor type leke- og friluftsområder.

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
1	Leke- og rekreasjonsområder	Lesjaskog skule	Uteområdet til skulen og beliggenhet i sentrum av Lesjaskog og inntil boligområder.
2	Leke- og rekreasjonsområder	Lesjaskog barnehage	Uteområdet til barnehagen og beliggenhet i sentrum av Lesjaskog og inntil boligområder.
3	Leke- og rekreasjonsområder	Lesjaskog lysløype/Skiåkran	Lesjaskog lysløypeanlegg, turløyper og skiåkran skileikeanlegg i Lesjaskog sentrum. Nærhet til boligområde.
4	Leke- og rekreasjonsområder	Lesja skule	Uteområdet til skulen og beliggenhet i sentrum av Lesja. Nærhet til boligområde.
5	Leke- og rekreasjonsområder	Lesja barnehage	Uteområdet til barnehagen og beliggenhet i sentrum av Lesja. Nærhet til boligområde.

22	Leke- og rekreasjonsområder	Myrin	Skileikområde og skiløyper, turløyper med mer i nærheten av hytteområde og inntil større p-plass på Myrin. Startpunkt for flere turstier.
35	Leke- og rekreasjonsområder	Bjorli friluftspark	Regulert område til p-plass, idrett og idrettsanlegg, lekeområde, skiløype, gang- og sykkelfelt og friluftsområde øst for Vetlegrenda. Inntil hytteområder på Bjorli.

Tabell 2 Stransoner

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
9	Strandsonen	Lesjaskogsvatnet	Lesjaskogsvatnet med 60 meter buffer rundt. Et svært viktig friluftsområde i bygda for fiske, båt, padling, bading, gåturer, sykkelturner, grillplasser etc.
23	Strandsonen	Jore	Viktig friluftsområde med gode fiskemuligheter, turområde med merket turrute, rafting, moglegheit til camping/telting etc.
24	Strandsonen	Gåsbue	Viktig friluftsområde med gode fiskemuligheter, turområde, naustutleige, hytter, båttilkomst vannet, bading mm.
25	Strandsonen	Naustvike	Viktig friluftsområde med gode fiskemuligheter, turområde, naustutleige, hytter, båttilkomst vannet, bading mm. DNT stig som går frå Naustvike til Aursjøhytta.
32	Strandsonen	Strålsjøen	Registrert friluftsområde. Lett tilkomst til fjellvatn med fiske, naustområder, jaktområde, friluftsområde. Ligger i Dovrefjell – Sunndalsfjella NP, Dalsida statsallmenning.
33	Strandsonen	Lågen	Viktig friluftsområde med lokal, regional og nasjonal bruk. Lett tilkomst for fiske, friluftsliv, badeplasser, grilling, gapahuk med mer. Innenfor lågen fiskesone 7.
38	Strandsonen	Sørhella	Registrert friluftsområde med lokal, regional bruk. Naust og buer, tilkomst for bading, fiske, friluftsliv.

Tabell 3. Nærturterreng

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
11	Nærturterreng	Rånåkollen	Viktig friluftsområde som ligg like inntil fleire bustander/gardar.

			Området er brukt mykje sommars- og vinterstid til turar opp til rånåkkollen både til fots og på ski, sykkel, friskiing, randonee med meir.
12	Nærturterreng	Bjorli turterreng	Viktig friluftsområde ligg like ovafor det største hytteområde på Bjorli. Området er brukt mykje både sommars og vinterstid. Fleire stigar og skiløyper. Kongleberget.
34	Nærturterreng	Lesja nærområde	Viktig friluftsområde som ligg like ovafor kommunalt boligfelt på Lesja og andre boliger. Her ligg Aurtandefeltet med viktige kulturminner fra jernalder, pilgrimsleia, seterveg og turstig til Tussheim. Området er lett tilgjengeleg. Sommar og vinterbruk.
39	Nærturterreng	Kjøremgrenda – Joramo	Viktig friluftsområde nært inntil boligfelt og bebyggelse med mange turmuligheter tilrettelagt med skilting, benker, gapahuk med mer. Skiløype om vinteren.

Tabell 4. Særlige kvalitetsområder

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
6	Særlig kvalitetsområder	Lorkverna	Svært viktig friluftsområde med tilrettelagt kulturstig med informasjonstavler, og mange restaurerte og oppsatte bygninger, kvern, smie, stampe mm. Ope og tilrettelagt heile året i regi av Lesja historielag.
7	Særlig kvalitetsområder	Kulturstigen ved Lesjaverk jernverk	Svært viktig friluftsområde med tilrettelagt turstig og informasjonstaveler om kulturminner med meir. Fint og viktig naturområde.
8	Særlig kvalitetsområder	Natur- og kulturstigen Dalsida	Svært viktig friluftsområde med tilrettelagt turstig med informasjonstavler om kulturminner, seterliv med meir. Lett tilkomst sommarstid som ligg inntil campingplass, hytter, setrar, fiskevatn. Ligger inntil og i Jora landskapsvernområde.
13	Særlig kvalitetsområder	Sagelva vasskraftsenter	Svært viktig friluftsområde. Sagelva er et unikt opplevelsessenter som viser over 300 års bruk av vannkraft på

			Brøste øverst i Romsdalen. Hovedproduktet som ble produsert på Brøstsaga var slippers/jernbanesviller og sagverket leverte sviller til Raumabanen da den ble bygd på 1920-tallet. Guida turar sommarstid mot betaling. Sagelva vasskraftsenter drives av Brøste-Stueflotten Kulturlag. Meir informasjon på <a href="http://www.sagelva.net">www.sagelva.net</a>
19	Særlig kvalitetsområder	Gråhø-Dordiholet-Grønvatnom	2000-topp og høgfjellsnatur i nasjonal klasse. Spesielle naturformasjoner og geologi. Svært viktig friluftsområde. Brukt både sommars og vinterstid. Ligger i Reinheimen Nasjonalpark.

**Tabell 5. Store turområder med tilrettelegging**

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
18	Store turområder med tilrettelegging	Nysetre - Bergebue	Viktig friluftsområde. Startpunkt for fleire turar. Tilrettelagt med informasjon om nasjonalpark, gapahuk, p-plass og bålpinne ved Nysetre. Ligg i Lordalen landskapsvernområde og Reinheimen Nasjonalpark.
28	Store turområder med tilrettelegging	Lesjøen	Viktig friluftsområde. Høgfjellsområde som ligg i Dovrefjell- Sunndalsfjella Nasjonalpark, hovudsakleg sommarbruk, fiske, friluftsliv, naust, buer, jakt, villrein.
30	Store turområder med tilrettelegging	Vangsvatnet	Viktig friluftsområde. Høgfjellsområde som ligg i Dalsida landskapsvernområde, mest sommarbruk men også noko vinterbruk, fiske, friluftsliv, naust, buer, jakt, villrein.
31	Store turområder med tilrettelegging	Horrungen	Viktig friluftsområde. Høgfjellsområde som ligg i Dalsida landskapsvernområde, sommar og vinterbruk, fiske, friluftsliv, naust, buer, jakt, villrein.

**Tabell 6. Andre friluftsområder**

Nr	Type friluftsområde	Navn	beskrivelse
10	Andre friluftsområder	Parkeringsplass Rånå	Viktig friluftsområde. Statleg sikra friluftsområde. Viktig tilkomst til Asbjørnsdalen, Rånå (tur og sykkelløyper) , Rånåkollen rundt

			(skiløype) Brøste med meir.
14	Andre friluftsområder	Ruste	Registrert friluftsområde. Tilrettelagt bål plass, utedo og enkelt leirplass. Idyllisk og lett tilkomst til Lora elv med områder rundt. Kajakpadling. Seterområde. Ligger i Lordalen landskapsvernområde i Lordalen statsallmenning.
15	Andre friluftsområder	Kvannbekkmyre	Registrert friluftsområde. Fin open plass med utedo og litt informasjon, tilrettelagt for å sette opp telt og campe. Ligger i Lordalen LVO og Lordalen statsallmenning.
16	Andre friluftsområder	Skriubrue	Registrert friluftsområde. Startområde for flere turstier. Viktig område ved Skriu der det er drevet skjøtsel på, naturbeitemark. Ligger i Lordalen landskapsvernområde.
17	Andre friluftsområder	Lurva bru	Registrert friluftsområde. Tilrettelagt bru over Lora elv for tilkomst til området. Ligger i Lordalen landskapsvernområde.
20	Andre friluftsområder	Fellingvatnet	Viktig friluftsområde, fiske, friluftsliv, jakt, buer. Brukt sommer og vinter. Ligger i Reinheimen Nasjonalpark.
21	Andre friluftsområder	Slettmoan	Registrert friluftsområde. Tilrettelagt stoppeplass med lett tilkomst og bru over Lora elv. Mulighet for telting/camping. Ligger i Lordalen landskapsvernområde i Lordalen statsallmenning.
26	Andre friluftsområder	Sjong	Viktig friluftsområde, seterområde med flere setrar og kveer, dyr, stier, bekk, tilkomst til sjongsvatnet med fiske, båt, bading.
27	Andre friluftsområder	Skamsdalen	Viktig friluftsområde. Seterområde med tilkomst til flere merka stigar på begge sider av Jora. Tilrettelagt med bru og parkering. Ligger i Jora landskapsvernområde.
29	Andre friluftsområder	Parkering Svartdalen	Registrert friluftsområde. Tilrettelagt med utedo, parkering, tilkomst til flere stigar, vatn, naust, buer. Mykje brukt under jakt, også vinterstid. Ligger i Dovrefjell-Sunndalsfjella Nasjonalpark.
36	Andre friluftsområder	Merrabotn	Viktig friluftsområde. Tilkost frå

			Fjellvegen med fleire stigar innover til Merrabotn, Merrabotnsetra. Fleire toppturar brukt vinter og sommarstid. Ligger i Dalsida landskapsvernområde.
37	Andre friluftsområder	Grønfossen	Viktig friluftsområde med mange merka stier, lett tilkomst til fossen. Sommer og vinterbruk, ski, gåturer, sykkel med mer. Tilkomst til Grøndalen.
38	Andre friluftsområder	Fauttjønn	Registrert friluftsområde. Ligger like ved Slådalsvegen. Fint stoppested med toalett og informasjon om Nasjonalparken Reinheimen, fiskevatn og buer. En del brukt i jakta og for startpunkt for fleire turar.

### Vurdering:

Rådmannen legg fram eit utkast til friluftsområder basert på tidlegare prosessar i kommunen i forbindelse med blant anna revidering av turheftet «på tur i Lesja». Om ein ser på kommunar rundt Lesja som har gjennomført kartlegging av friluftsområder har Oppdal kommune til dømes valgt å leggje ut større område som heile fjellparti, slik som heile Dovrefjell Sunndalsfjella Nasjonalpark innanfor kommunen som friluftsområde. Andre kommunar i Nord-Gudbrandsdal har ikkje lagt ut friluftsområde i kunnskaps og kartdatabasen naturbase enda.

Rådmannen i Lesja har valgt i sitt utkast til friluftsområde å vere meir konkret på område som vert kartlagt som friluftsområde. Fleire av områda som ligg i forslaget er sentrale område for tilkomst inn i friluftsområda/fjellet med fleire stigar. Plassar med tilrettelegging, kulturstigar, Sagelva vasskraftsenter, Lorkverna, leikeplassar for unge, tilkomst til strandsona/vasskanten og nærturterreng for å nemne nokre.

Ei nøyaktig avgrensing, særleg i dei utbygde områda og i framtidige byggeområde er svært viktig for at kartlegginga skal ha ein framtidig funksjon, og har vore vektlagt i kartleggingsarbeidet. For at kartlegginga skal oppretthalde høg presisjon og kvalitet, bør det leggas opp til ein løpande revisjon av friluftsområda. Ansvaret for dette bør primært ligge til forvaltning og utviklingsavdelinga.

Store delar av høgfjellet til Lesja er verna som landskapsvernområde eller nasjonalpark. Nokre fjellområde er likevel brukt meir enn andre og har fleire kvalitetar som friluftsområde. Heile fjellet vert brukt lokalt til friluftsliv, men rådmannen meiner det er mest riktig å avgrense områda som nemnt over. Kartlegginga skal ikkje ta omsyn til andre interesser, kun friluftsliv. Avveing mot andre interesser kjem i kvar sak.

Rådmannen meiner friluftskartlegginga skal brukas på følgjande måtar i kommunen:

- Friluftslivskartlegginga gje kommunen eit godt verktøy for å vurdere friluftslivsinteressene i areal- og dispensasjonssaker og i andre relevante samanhengar. Saman med andre temakartleggingar gje dette god oversikt over viktige ressursar i kommunen.
- Det må etableras saksbehandlingsrutinar som sikrar at kartlegginga på eit tidleg stadium blir tatt inn som del av beslutningsgrunnlaget, og at det i alle saker som



berører friluftslivsinteresser skal redegjerast for korleis interessa blir berørt og kva prioriteringar som er foretatt mht. friluftslivsinteressene ved val av løysing.

- For at kartlegginga skal kunne bli eit aktivt verktøy i arealforvaltninga, må den bli gjort tilgjengelig internt og eksternt som del av kommunes digitale webkartløyning i tillegg til at den vert sendt inn til naturbase, som er den nasjonale kart- og kunnskapsbasen. Vidare må utsjekk av friluftsområda inngå som del av dei ordinære rutinane ved oppstart av plan og byggesaksarbeid, og ved behandling av dispensasjonssøknader, planprogram og konsekvensutgreiingar. Kartlag for stigar og løyper i kommunen kjem i tillegg til denne utsjekkinga ved eige kartlag.
- Bruk av friluftslivskartlegginga som informasjonsgrunnlag skal innarbeidas i kommunens interne saksbehandlingsrutinar. Da kartlegginga er reint fagleg fundert, utan avveiging mot øvrige arealinteresser, forutsettas det at slik avveigingar foretas gjennom kommunens planlegging og enkeltsaksbehandling.
- For saksar som berører områder med verdi for friluftslivet skal det redegjerast for korleis interessa vil bli berørt og korleis dette er vurdert og prioritert ved val av løysingar.
- Friluftslivskartlegginga skal haldas løpande oppdatert, og skal revideras i forbindelse med revisjon av kommuneplanens arealdel, og leggas til grunn for utforming av plan. I viktige friluftsområde kan ein vurdere å leggje på ei omsynssone i plankartet både i kommuneplan og i reguleringsplanar.

## Dokumenter

1	I	201200335-57 Kartlegging og verdsetting av områder for friluftsliv i Oppland - invitasjon til deltagelse i landsomfattende prosjekt. sendt fra Oppland fylkeskommune	Oppland fylkeskommune
2	U	Tilbakemelding om kartlegging og verdsetting av områder for friluftsliv i Lesja kommune	Oppland fylkeskommune
3	U	Tilbakemelding om friluftslivområder	Oppland fylkeskommune m.fl.
4	I	SV: tilbakemelding om friluftslivområder	Oppland fylkeskommune v/Rigmor Myhre
5	I	Skifte av prosjektkoordinator i prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Oppland	Oppland fylkeskommune
6	I	Kartlegging og verdsetting- Rapportering	Oppland fylkeskommune
7	I	Kartlegging og verdsetting- Rapportering	Oppland fylkeskommune
8	I	VS: Informasjon om prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Oppland	Oppland fylkeskommune
9	I	Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Oppland, utsatt frist	Oppland fylkeskommune
10	I	Møtereferat fra 27.11.2014 - Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder	Oppland fylkeskommune
11	I	Dokument 201604304-63 Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Oppland, søknadsrunde om tilskuddsmidler 2017 sendt fra Oppland fylkeskommune	Oppland fylkeskommune
12	I	Vedr. 201604304-86 - Kartlegging og	Oppland fylkeskommune

- verdsetting av friluftsområder -  
Tilskuddsmidler 2018
- 13 S Høyring av kartlegging friluftsområder i  
Lesja

#### Vedlegg

- 1 Kriterier for klassifisering
- 2 Kartutsnitt over  
friluftsområder

### **Saksprotokoll i Forvaltningsstyret - 25.06.2019**

#### **Behandling**

Rådmannen si innstilling samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

4. Forvaltningsstyret tar arbeidet med friluftslivskartlegginga til orientering.
5. Forvaltningsstyre sender kartlegging av friluftsområder til høyring med frist 30 dagar. Høyringa er ope for alle, men sendas spesielt til grendelag og frivillige lag og organisasjonar, fjellstyre og nasjonalparkstyra.
6. Lesja kommune ynskjer spesielt attendemelding på avgrensing av friluftsområda, om dei er store nok og om det er område som er utegløymt. Kartlegginga har kun fokus på friluftsliv og skal kun vurdere dette omsynet.